Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 2. Fylke: Møre & Romsdal

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Hareid

Emne: Transport av høy. Bygdelag: Indre Hareidsdal

Oppskr. av: Ludv. N. Holstad Gard: Holstad

(adresse): Hareid. G.nr. 46 Br.nr. 5.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja. Mest etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): Men også etter andre gamle folk.

SVAR

Transport av høy har nok forandra seg mykje berre frå mine barne-dagar, og før den tid, og fram til i dag. Det spenner over ei tid på 60–65 år berre det som eg minnest. Og det går frå bruken av dragslede i 80 åra til vanlege små høyvogner med hjul (det vanlege) i 50 år frå umkring 1890. ~~Det og fram til~~ Og so dei ymse slag motorkøyrety i dag.

Spørsm. 1. Det er ikkje so stor skilnad i storleik på gardane her frå gamalt av. Men frå umkring 1900 eller litt før vart her nokso mykje oppdeling av gardane i 2 eller fleire bruk. Då var det somme av bruka som vart so små at dei ikkje kunne få øyk (hest). På desse småbruka vart det då på somme måtar ei litt anna ordning også med transport av høyet. Dei laut bruke mannakrafta til bering og draging, og då laut sledar og vogner vera mindre. Dette har halde seg heilt fram til i dag, men no kjem motorkrafta meir og meir også i dette arbeidet, kanskje helst på minste bruka.

9289

Å slå i ütmarka var det slutt med
på fleistalle gardar for ei 40–50 år sidan.
På somme gardar vart det slutt alt i 1890 åra.
Men det var kanskje ein og annan som
heldt på det gamle heilt fram til förre verds-
krigen eller kring 1920. Elles kan ein vel
inkje kalla det ütmark. Det var helst üt-
slåttar på innmarka. Det var inngjerda
natürleg mark og beite. Denne slåtten var
det slutt med pålag same tid ~~på~~ både
på större og mindre brük. Slike ütslåttar
dreiv dei lengst på dei brük som sat mest
avsides. På brük i tjukkebygda (sentrüm)
var det tidlegare slutt.

Ein mann som inkje åtte hest måtte
bere eller draga höyet, både det vå og det
turre. Stundom heldt 2 brükarar ein hest
i lag, og det finst vel enno, men det er
sjeldan. Det hende ogso at ein fekk låne
eller leiga seg hest, men det va ogso sjeldan.
Det var mest mannehanda „på å lite", og er
det til denne tid, for dei som inkje har kosta
seg små-traktor eller leiger ein slik.

Spörsm. 2. Ingen stakkar höyet. Og knapt om
her finst ei einaste ütlöde som er i brük heller.
Den tida ütlöene var i brük var det vel dei
fleste som hadde hest og dragslede, og seinare
höyvogn. Dei som inkje hadde hest, bar höyet.
Hesjar brüka dei inkje her i bygdene för etter
1900, då vart det på litt etter kvart.

I dag brükar ei hesterive eller slepe-
rive til alt höyet, for störsteparten vert
hesja. Det vert meir og meir slutt med
å turke på marka. Det vert berre stutt
höyet. All langhöy vert hesja på omlag alle

9289
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 9289

staden her i bygdene, no i seinare år. Det er svært lite eller helst inkje som vert slege av stütt marka. Og det som vert ansa på sveler og inkje vert kvita det køyrer eller ber dei til ein god türkare plass, om det inkje går an å türke det der dei slår det.

Dei som ber höyet brükar helst berre eit tog no. Böratog. Det er pålag 4 m. langt og dubbelt med ein krok i eine enden (i bükta). No brükar ei jarnkrok, men før i mine barndagar var det altid ein krok eller ~~ein~~ ei hovd av björk eller eine, som såg slik ut: . Desse böratoga har inkje forandra seg noko serleg fram til idag.

Sloe eller Sloge, börsvelk og topp kjenner eg inkje til. Men ein gamal mann, 80 år fortalde at han hadde sett denne måten brüka i Liabygda, ei lita grend som höyrer til Harick herad. Dei tok ei üng björk og bar höyet i. Dei tok tak med hendene. Meir forklåring kan eg inkje gi.

Å draga höyet på sloe veit eg inkje om.

Höy i böratog vert kjemd med rive og lagt fint til, den eine kjemba opp på den andre, höyast framme, litt lågare bak.

Det var ein künst å lö i skikkeleg og god böre. Det greidde inkje vi borna, det måtte han far gjera. Dei 2 togtaugane laüt ligge med passeleg millomrom, ei 1/2 aln. Kroken eller hovda i bakre enden. Når höyet var kjemba og lagt oppi var det å gjyra so fast og godt ihop som råd var.

Han som skulle bera sat på marka

9289

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

og ein stod bak og lyfte og skuva på.
Var börа svert stor då var det best å laga hengslebörе. Då tok han som sat og tredde hendene inn under kvar sin toy-tamp. Tok so godt tak i begge endane av toget og sette godt åt. Köyrde seg so med den andre hjelparen, skuva etter bak. Men var det ei mindre börе, brukte dei inkje hengslebörе. Då tok dei berre godt tak i toget og reiste seg med hjelp av han som stod bak.
Tagendane heldt dei somtid over herdane og stundom over hovudet, men det siste var sjeldan.
Borna var ogso med i arbeidet. Og stundom hadde dei små tog som dei bar i. Eg har bore mange slike småbörer. Vi hadde hest og god vogn, men likevel var det ogso ofte vi bar, serleg stutt-höy. Og det gjorde dei ogso på dei andre gardane. Det kom nok noko av at slikt småhöy hadde vanskeleg for å ligge på ei vogn utan karm. Vi hadde inkje höykarm i den förste tida. Men den beringa kom nok ogso mykje av gamal vane og konservatisme. Hestekrafta vart lite utnöytt i gamle dagar. Dei slit heller sjölve.

Vi kjenner til „meisa" her i bygdene, men gardane her er so flatvorne at det er lite eller inkje denne måten har vore brukt til graset. Men mange brukte „meisa" til å få ned „eine" frå fjellsida. Men det er truleg at meisa har vore i bruk ogso her i dei brattaste strender.

9289

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Men dette har eg inkje høyrt noko sikkert om. Men å bøype med børe med gras på løypestreng er godt kjent. Det er gras som er lagt i børatog slik eg har fortalt ovanfor.

"Meisa" var laga av passeleg tjukt snøre. (Bunde som eit garn.) Bruken av løypestreng er inkje svært gamal i bygda, kanskje ei 70-80 år. Og no i dag er det heilt slutt med dette i vår bygd. „Kipe" er vel det same som vi kallar tåge (tåje) bunde av tæger. Fær vi bar gras (inkje turrt høy) i tåje også i min barndom, når vi skulle frakte det til turkingsplass. Trillebør eller båre har vi inkje brukt til dette.
Noko andre slag reidskap til frakting av gras kjenner vi inkje til her med oss.
Spørsm. 3. Dei som hadde høylöder (Skogalöder kalla vi det her i bygda) dei køyrde det helst heim seinare på hausten før snøen kom. Men slike utlöer er inkje i bruk lenger.

Den mest vanlege vogn i høyonna no, og det som meinast med ei høyvogn er ei 2 hjula langvogn, med skjeker som går i eit til attarste kant av flaken. Når vi vil ta hjula unda, so seier vi at vi tek „flaken" av hjula. Denne høyvogn=flaken er ca. 2.50 til 3 m. lang. Det er tverr- eller langsgåande fjøl(bord) som er spikra fast på skjekene. Breidda er omlag 1 til 1.30 m. og med kasse over hjula anten av tre eller jarn. Desse vognene har berre 2 hjul og inga fastilling. Vi brukar inkje ordet „slede" om høyvogna. Det som vi her nemner hjulslede har inkje meier,

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9289

korkje for eller bak, berre 2 hjuel på midten. Vi brukar ingje noko slag sommar sledar no, og har ingje bruka det på 50-60 år. Vinter ~~sledan~~ sledane til steinköyring er stundom skodde, stundom ingje. Det er ingje likt på alle gardar. Likeins sledane til mold og gjödselköyring. Men so er det nokre sledar som vi köyrer torv med etter landevegen (riksvegen) dei er altid skodde. Serlige regler for köyring med meiar og hjuel kjenner vi ingje til.

Den vanlige höyvogna som eg har fortalt om ovanfor, vart brukt både til höy og kornköyring.

Frå den tida at denne vogna kom i bruk på gardane, kring 1880-90 åra og fram til kring 1910-12 var det ingje brukt grindar (karmar). Vi leste lasset på, langhöyet utan å kjemba det stutthöyet kjemba vi. So gyrda vi til med ei stang over. Men frå 1910 og utetter kom karmar grindar meir og meir i bruk.

Desse grindane var ca. 1.5 m. höge og laga av tre spiler og streng, eller berre smale bord. Skrinder eller skrinker veit eg ingje kva det er. För grindene kom i bruk leste vi slik at lasset vart litt högare på midten enn i endane. No sidan grindane kom er det vanlig å lesse utan tanke på noko anna enn å fylla det jamt med övre kant. Vi hadde ingen regel for kor mykje som gjekk i eit lass, men antakelig kring 200 kg. no i dag. Eg har ingje höyrt om nokon regel for

9289
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

det allersiste lasset, men det fylgde
nok kanskje litt snakk om det, og
litt högtid utanom dei andre lassa likevel.
Alt vart skrapa i hop, og ingenting låg
att.

Til grindane (karmane) som bruka
vi altid tang. (vi seier tong). Dei fleste
hadde tong men somme bruka også
berre eit tog, det heitte gyrda tog. Det
hadde ei hovd=? eller ein skron=? i eine
enden og hadde berre ein part. Eit byrda-
tog hadde oftast 2 partar. Dette gyrda
töyet tok ein rundt höylasset på langa
opp under hjulåsen og „setta til" „gyrda åt."
Men tanga ho såg slik ut:




Vi la tanga opp på lasset, tok tang-
simen rundt opp under frå framenden
til bak og opp i bakre ende på tanga
og gyrda til, og snara den lause
enden fleire ganger rundt attaste tvere-
treet på tanga.

Tverbrea på endane er av bjørk helst.
og strindane er av tynne bjørkestenger
eller bandjarn eller også berre av tog.

Skilnad på hovalda til gyrdatog og
byrdatog veit eg ikkje om. Berre 1 heit.

Spörsm. 5 og 6: Slike forhold som er nemnt
i desse spörsmåla er so vidt eg kan
skyna framande her hjå oss.

Fellesslått veit eg ikkje om.

Den tida utlödene var; bruk sköyrele dei
vel helst heim höyet utetter mot jul, og ikkje
på vinterføre.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Vend!

9289

## Samandrag.

Fram til 1880 åra var höysleden (drag-sleden) nær sagt det einaste dei brukte her i bygda til köyring av höy, eller gras. Dei som ikkje hadde hest bar alt, dei drog ikkje. So kom hjulet i bruk, litt om senn. Det er berre so vidt og kan minnast at vi bruka denne dragsleden ein gang, kring 1890.
So kom höyvogna, små i förste tid, seinare större. Dei som ikkje hadde hest fekk seg då små höyvogner som dei drog. Men mang bar det inn, eller til turkeplass. Både på vogna for hest og for draging brukte dei tong. Vi kjemba höyet og rågraset ogso stundom. Höygaffel kom ikkje i bruk för frå 1900, eller helst seinare. Og frå ~~[illegible]~~ den tid kom hesjing meir og meir i bruk, men mest i dei siste 20 år.

Dei som slog gras på avsides plassar og der det var vanskeleg for hesten å gå, bar altid ~~[illegible]~~ graset fram til ein god turke-plass, som låg slik til at dei fekk köyre höyet derifrå med hest.

Idag slår ein berre beste enga. Og mest berre med traktor, og hesjar graset etter at sleperiva eller rakemaskina har slepa graset attåt hesa. Serleg etter siste verds-krigen har det vorte på med små trak-torar som dreg höyvogna og. Eller små lastebilar som dei lesser höyet på. Og snart er det berre gummihjul på alt som rullar, og so på hjulsledane.

Store omskifte på 60–70 år.

Biletet av dragsleden er frå Sunnm. Museum. "Åkland" var ikkje på våre sledar. Og fjølme i botnen låg heilt i hop.

9289

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2
M&R





Hjuleslede.

Lengde på rista 1,5m
Bredde " " 0,90 m.

Skjerkerne 2,80m.

For 50år sidan var dei mykje mindre.



Høyvogna.

Flaken lengde 2,40m.
" bredde 1,30"

Skjekerne lengde 4,20m.

For 50-60 år sidan mykje mindre.




9289

Overdal [redacted]